



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar referanse
2025/41973-1

Vår referanse
22/1265 - 26

Dato
12.08.2025

Svar på høyring - Forsøk om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå

Me viser til dykkar brev av 20.06.2025.

Saka gjeld deltaking i forsøksordning for å testa ut ein ny måte å organisera samarbeidet mellom kommunane i Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune, på fagområdet arkiv. I dag er dette løyst ved ein kommunalt oppgåvefellesskap – Kommunearkivordninga i Vestland KO (KAV). For at dette forsøket skal bli noko av må alle kommunane i KAV vedta ny forskrift og stille seg bak søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD). Departementet må godkjenne forsøket og stadfeste forskrifta om forsøk, som vert gjeldande i forsøksperioden. Representantskapet fatta vedtak om deltaking i forsøksordninga i møte 07.03.2025.

KAV ber no om innspel på forsøksordninga om vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå på fagområdet arkiv. Etter at alle kommunane har hatt høyring, vil KAV sjå på innsendte forslag og innspel. Etter eventuell revisjon vert forskrift og søknad til KDD send til alle kommunane og fylkeskommunen for vedtak i kommunestyra og fylkestinget.

Luster kommune har lagt til rette for innspel frå tilsette eller andre som forsøket får konsekvensar for, og har ikkje motteke merknader til høyringa.

Luster kommune er positiv til forsøket om administrativ vertskommunesamarbeid for fagområdet arkiv, med Vestland fylkeskommune som vertskommune.

Med helsing

Jon Bolstad
kommunedirektør

Marit Kvalen
fagleiar arkiv

Kopi til
Andreas Wollnick Ordfører
Wiese
Anita Bjørk Ruud Politisk
sekretariat